



ÅRSMELDING 2025

Storfjordens Venner



Slåttekarr



Mor med barn

Fjordafolket



Høybør

Foto: Kristi Linge Stakkestad.

Innhald

Medlemmer i styre, arbeidsgrupper og nemnder 2025.....	4
Hovudoppgåva for Storfjordens Venner (StVe).....	4
Årsmøtet.....	4
Medlemstal 2025.....	4
Styremøte i 2025	4
Diverse møteverksemd m.m.	5
Rekneskap – økonomi	6
Storfjordens Venner sine fond	6
Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	6
Grasrotmidlar	6
Gåver	6
Storfjordstemnet 2025	7
Arbeidet i jubileumskomiteén.....	7
Ytste Skotet	7
Museumssaka.....	8
Sunnmørsmusea AS under skiping	8
Foreininga for Sjøfart og Sjøbruk i Storfjorden (FSSS) vert ein del av StVe	8
Branntilsyn.....	9
HMS	9
Dugnadsarbeid	9
Vedlikehaldsarbeid og investeringar	9
Restaurering av smia	10
Heimeside – sosial media	10
Strategiutvikling.....	10
Vedtekter og retningsliner for arbeidsgruppene	10
«Fjordafolket» (Strandsitjarmonument) på plass	11
Media - presse og synleggjering av aktiviteten til StVe.....	11
Storfjordkalenderen og jubileumsboka «Med hjarte for arven»	12
Medlemskontakt	12
Administrasjon	13
Takk!	13
Årsrapport 2025 frå Prosjektgruppa i Storfjordens Venner	14
Prosjekt i 2025	14

Planlagde prosjekt 2026 →	15
Planlagde prosjekt 2027 →	16
Årsrapport 2025 – Arbeidsgruppe for formidlingsarbeid (Formidlingsgruppa)	18
Årsrapport 2025 – Dugnadsgruppa Ytste Skotet.....	21

Medlemmer i styre, arbeidsgrupper og nemnder 2025

Hovudoppgåva for Storfjordens Venner (StVe)

I §2 i vedtektene står følgjande: «Storfjordens Venner har til oppgåve å verne og formidle kunnskap om kulturminne, tradisjon og kulturlandskap.»

Årsmøtet

Årsmøtet 2025 vart gjennomført på Trollstova i Liabygda, laurdag 5. april. Ved opning av årsmøtet var det 22 medlemmer til stades. Det vart servert lapskaus. Før og under årsmøtet vart det servert kaffi og frukt.

Årsmøtet handsama faste saker: årsmelding, rekneskap, arbeidsplan/budsjett, medlemskontingent, val og godtgjering til styre/styreleiar.

Styreleiar gav også informasjon om førebuingar for 50-års jubileet, status i museumssaka, strategiprosessen og arbeidet med planlagde opptak i serien *Gardane langs Storfjorden* og sommardrifta på Ytste Skotet i 2025. Representant for Foreininga for Sjøfart og Sjøbruk (FSSS) Asbjørn Krohn Dalen deltok og orienterte om vedtaket om å søkje tilslutnad i StVe. Helge Søvik orienterte om status for arbeidet i Bautanemnda.

Medlemstal 2025

Betalande medlemmer i StVe pr. 31.12.2025:

- Enkeltmedlemmer : 593
- Familiemedlemskap : 105
- Bedriftsmedlemskap : 12

Det var 30 utmeldingar eller medlemskap som gjekk ut på grunn av manglande betaling av kontingent, og det vart registrert 102 nye medlemskap, dvs. ein netto auke på 72.

Ved årskiftet var det 17 æresmedlemmer.

Styremøte i 2025

Det er halde 9 styremøte i 2025:

- 12. februar Nilsgardstunet, Stordal
- 13. mars Lupinen Kafe, Valldal
- 12. april Formannskapssalen, Stranda Rådhus
- 21. mai Tandstad Skule, Sykkylven
- 25. juni Lupinen Kafe, Valldal
- 20. august Norsk Fjordsenter, Geiranger
- 24. september Stranda Eigedomsselskap sine lokale på Stranda
- 29. oktober Digitalt møte via Teams
- 10. desember Bølgen Restaurant, Ikornnes

Styret har handsama 95 saker i løpet av året. I tillegg er det nytta mykje tid på styremøta til orienteringar av ymse slag. Aktiviteten i styret har i 2025 vore ekstraordinær høg som følgje av jubileumsmarkeringa.

Utgreiinga om strategiplanen vart avslutta våren 2025, og oppfølginga har vore tema på alle styremøta. Konsolideringssaka har teke mykje tid og ressursar, også i 2025. Planlegging og administrasjon av sommarvertskapet på Ytste Skotet krev innsats på fleire plan.

Bautanemnda har hatt særdeles høg aktivitet dette året, men fekk eit strålende resultat som vi har fått svært mykje gode tilbakemeldingar på.

Diverse møteverksemd m.m.

Som vanleg har styremedlemmer og leiar delteke på diverse møte/arrangement i 2025, kvar for seg eller fleire saman.

Av desse kan nemnast:

Type møte	Dato	Stad/deltakar(ar)
Moldemøtet 2025 (Statsforvaltar, MRFK, verneområdeforvaltar) (M)	12.03	ONH, AK, KR, IB, MRFK
Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea (M)	4.02	Aalesunds Museum
Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea (M)	4.03	Aalesunds Museum
Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea (M)	30.09	Aalesunds Museum
Møte med interimsstyre og MRFK * (M)	13.10	Color Line Stadion
Møte/synfaringar med Bautanemnda (M)	14.03 17.03 2.04 6.05 19.06 14.08 19.06	Synfaring, Norsk Fjordsenter Synfaring Geiranger Teams Fjordgården, Stranda Hotel Union/Norsk Fjordsenter Rådhuset Valldal Geiranger
Møte med Sunnmøre Live (om planar/ økonomi) (T)	Fleire	IB, FS, ONH, AK
Juleavslutning med handverkarane (M)	11.12	Nilsgardstunet. Handverkarar, AK, ONH, IB
Møte i JUB 50 (M/T)	14.08 9.09 23.09 10.12	Rådhuset, Valldal Rådhuset, Valldal Rådhuset, Valldal Monumentparken

AK : Asgeir Kvernberg

B : Bautanemnda

FS : Frank Sekkeseter (Sunnmøre Live)

IB : Inge Bjørdal

JUB50 : Jubileumskomiteen

KL : Kjell Løseth

KR : Kjetil Relling

ONH : Odd Normann Hoff

MRFK : Møre og Romsdal fylkeskommune

M : Ordinært (styre)møte

T : Teams

* Anders Riise, (Fylkesordførar), Jessica Gärtner (tidlegare leiar Kultur- og folkehelseutvalet), Leif Bjarne Ersnes (ny leiar Kultur og folkehelseutvalet).

Det har også i 2025 gått med ein del tid til arbeidet i Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea for å få klarlagt framtidig organisering av dei 6 musea som har valt å stå utanfor VITI. Desse er: (1) Volda Sogelag, (2) Stiftelsen Aalesunds Museum, (3) Godøy museums lag, (4) Storfjordens Venner, (5) Dalsfjord fymuseum og (6) Herøy kystmuseum.

Diverre har vi ikkje kunna lagt denne saka bak oss. Vi var klare for å registrere Museum Nordvest i Brønnøysundregisteret, men fordi vi vart førespegla at fylkeskommunen ville søkje å få ei avklaring

på saka, melde vi frå om at vi kunne vente med å setje i gang denne prosessen. Slik avklaring har diverre ikkje skjedd, og interimsstyret starta difor prosessen med å skipe eit AS basert på dei seks musea og ev. dei kommunane som ønskje å bli med i eit konsolidert museum. Vi har leigd inn Stein Storsul (tidlegare fylkeskultursjef i Nord-Trøndelag og prosessleiar frå første fase av prosessen) til å greie ut denne AS-modellen etter mønster frå Nordmørs-musea. Løyving til å gjennomføre ein slik prosess oppfattar vi er gitt av MRFK. Vi har også sendt brev til MRFK og bede om at dei musea som no står utanfor får sin rettmessige del av midlane som skal gå til museumsverksemda i M&R, men som hittil har gått til VITI.

Rekneskap – økonomi

StVe har ein god økonomi. Foreininga har i 2025 hatt god likviditet og rekningar har vorte betalte fortløpande ved forfall. Men rekneskapen for 2025 viser eit underskot på 191 476 kr.

Medlemskontingent og Storfjordkalenderen er gode inntektskjelder. Mva-kompensasjon for 2024, utbetalt i 2025, utgjorde 189 701 kr. Dette er eit viktig bidrag inn i rekneskapen, der all betalt mva no vert kompensert.

På utgiftsida er det store utbetalingar til prosjektarbeid, men desse er finansierte med tilsvarande tilskot. Ein stor utgiftspost i 2025 var produksjonsstøtte til Sunnmøre Live for sesong 6 av «Gardane langs Storfjorden» på til saman 306 250 kr. Av dette vart 240 000 kr finansierte med gaver/tilskot til StVe. Ein annan stor utgiftspost var sommardrifta på Ytste-Skotet med totale kostnader på 353 788 kr. Dette vart finansierte med 65 315 kr i salsinntekter frå sommardrifta og 184 000 kr i tilskot frå Statsforvaltar.

Pr. 31.12.25 hadde StVe 1 067 084 kr på driftskonto. I tillegg 585 750 kr på plasseringskonto i Sparebanken Møre og 1 991 254 kr plassert i rentefond. Det vert elles vist til eigen rekneskapsrapport.

Storfjordens Venner sine fond

Saldo pr. 31.12.2025 (kr):

- Magne Flems minnefond : 649 556
- Ytste Skotet gardsfond : 1 266 989
- Gåvefond : 105 858

Det er fastsett ulike klausular for bruken av desse fonda. Både Starheimfondet og Strandsitjarfondet vart brukte til finansiering av Fjordafolket.

Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

StVe fekk i 2025 tildelt 50 000 kr i kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Grasrotmidlar

StVe er registrert i Frivilligregisteret og står som mottakar av Grasrotmidlar frå Norsk Tipping. For 2025 vart det betalt ut 31 679 kr til foreininga. Dette er omlag som i 2024.

Gåver

StVe fekk også i 2025 betydelege pengegaver, i alt 143 411 kr. Gåvene var i stor grad knytte til finansiering av monumentet Fjordafolket. StVe er særst takksame for gåvene, og har gitt uttrykk for dette gjennom brev til kvar einskild.

I tillegg til dette har Sparebanken Møre og Hofseth Aqua støtta produksjon av «Gardar langs Storfjorden» med høvesvis 150 000 kr og 90 000 kr.

Storfjordstemnet 2025

Storfjordstemnet 2025 vart halde på Skageflå i Stranda kommune.

Styreleiar *Inge Bjørdal* ønskte velkomen.

Ordførar *Einar Arve Nordang* delte tankar om verdien av frivillig arbeid generelt og arbeidet til StVe spesielt.

StVe har fått komponert ein eigen Storfjordfanfare. Han vart framført av *Trond Otto Berg* som velkomst.

Oddbjørg M. Espeland Solhaug framførte fleire utvalde songar mellom dei sjølvsaft Å Vestland, Vestland.

Direktør for Kulturminnefondet *Simen Bjørgen* heldt stemnetale med tittelen *Kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga*.

Jan Ottar Møll representerte grunneigarane og orienterte om gardshistoria og eigne opplevingar på garden.

Asgeir Kvernberg orienterte om arbeidet til Storfjordens Venner i 2024, og planane for 2025.

Det var sett opp båttransport. Servering av rjomegraut og pølser (sponsa av Ole Ringdal AS). Det var godt frammøte på ei såpass vanskeleg tilgjengeleg stad.

Arbeidet i jubileumskomiteén

StVe fylte 50 år i 2025. Ei gruppe på fire personar (*Merete Rønneberg*, *Kristi Linge Stakkestad*, *Randi Sæter*, *Kjell O. Løseth*) fekk den store oppgåva med å planlegge feiringa i Geiranger 26-28 september. Dette var ein svært krevjande jobb, som vart utført på ein framifrå måte.

Ytste Skotet

Gardsdrift med husdyr

I 2025 heldt vi fram med dei vanlege aktivitetane på Ytste Skotet, i år med to jenter frå Vestnes - *Ingrid Skavnes* og *Hedda Sundnes* - som nytta sommarferien sin (1. juni – 10. august) til å vere vertskap.

Vi fekk låne tre geiter frå *Jannicke Tafjord* på *Kilsti* i *Fjord* kommune. Dei gjekk der heile sesongen. Det kom til to kje under opphaldet. StVe har no kjøpt inn eigne *Nofence*-klavar som vi kan bruke til dei som leiger ut dyr til oss. Dette fungerer svært tilfredsstillande.

Sesongen 2025 vart relativt vellukka takka vere eit vertskap som fekk svært mykje godord frå besøkande for god innsats. Men vi hadde ikkje dei beste vêrtilhøva dette året - mykje nedbør tidleg i sesongen og ein lang periode med så høge temperaturar at mange sikkert tenkte seg redde med å kome seg opp den relativt bratte stien frå sjøen.



Det var om lag 300 registrerte personar innom garden frå inn- og utland.

Museumssaka

Sunnmørmusea AS under skiping

Interimsstyret har kunngjort at samanslutninga Museum Nordvest arbeider med å skipe eit lokalt forankra museumsselskap for heile Sunnmøre (Sunnmørmusea AS). Etter 5 - 6 år med usemje, ønskjer vi no å etablere ein samlande og konsolidert museumsorganisasjon som kvalifiserer for tilgang til faglege nettverk og statlege/fylkeskommunale finansieringsordningar.

Manglande finansiering har kravd mykje av mange museum som har falle utafør. Mange er slitne.

Den materielle og immaterielle kulturarven er djupt til stades i alle lokalsamfunn. Der skal han leve og utviklast i det daglege mangfaldet. Difor må dei lokale musea og kommunane eige den organisasjonen som skal sameine dette arbeidet, innanfor det handlingsrommet som Stortinget har etablert for Det nasjonale museumsnettverket.

I dei dialogane som musea og kommunane har teke del i dei seinare åra, har prinsippet om lokal forankring stått fram med eit felles sett av verdiar. Sunnmørmusea AS skal konkretisere eit museumsselskap som skal gjere verdiane til røyndom. Ein avgjerande kvalitet er ein sterk organisasjonskultur for konservatorar, musikarar, dansarar, handverkarar, forvaltarar, formidlarar og alle andre i det rike museumsmiljøet av interesserte og frivillige på Sunnmøre.

Hausten 2025 har vi arbeidd med dei selskapsrettslege løysingane og avtalene. Vi ønskjer å byggje opp tryggleik rundt prosessen med nye diskusjonar. For å få til dette fann interimsstyret det rett å utsetje skipingsmøtet for det nye selskapet til 14. januar 2026. Sentrale tema i samband med skipinga vil bli:

1. Vi vil byggje eit forpliktande samarbeid rundt Sunnmørmusea AS i form av ein aksjonæravtale.
2. Initiativtakarane til denne skipinga vil i møtet teikne dei første aksjane. Nye aksjar skal emitterast slik at musea og kommunane skal verte medeigarar i Sunnmørmusea AS. Det er behov for ein fri arbeidskapital på minst 2 MNOK, og dette kan verte målet for aksjeteikning i løpet av 2026. Dette vert tema på skipingsmøtet.
3. Nordmørmusea representerer ein erfart modell. Her er aksjane fordelte med like mange teikna aksjar i kvar kommune. Kapitalmålet kan gje 90 aksjar á kr 1000 i kvar av dei 14 kommunane som inngår, med 30 aksjar på kvart museum, og 60 aksjar på vertskommunen. I modellen kjem fylkeskommunen i tillegg med 40 % av alle aksjane. Alle partane får ein eigar plass ved bordet, men ikkje makt etter storleik. Dette er ein erfart, god modell for medraderett.
4. Driftstilskot til det konsoliderte museet følger av årlege vedtak frå staten og Møre og Romsdal fylkeskommune. Driftstilskot frå vertskommunane vil bli utgreidd etter kvart.

Foreininga for Sjøfart og Sjøbruk i Storfjorden (FSSS) vert ein del av StVe

FSSS har gjort vedtak om å bli ein del av Storfjordens Venner. Alle formalitetar for prosessen er godkjende av baa styra, men må godkjennast av årsmøtet vårt i 2026. FSSS vil inngå i StVe som ei arbeidsgruppe (Sjøfart og sjøbruk) på lik line med Prosjektgruppa og Formidlingsgruppa. Organisasjonen vil dermed dekkje aktivitetar knytte til både land- og sjøarealet i Storfjorden. FSSS har ei omfattande samling med dokumentasjon frå arbeidet sitt.

Branntilsyn

Deler av jobben med utbetringar er gjennomførte i 2023-2025. Vi tek sikte på å utbetre resten av påpeikte manglar etter branntilsynet ila. 2026.

HMS

Det er arbeid med oppdatering og opplæring i HMS-materiellet på garden også i 2025 (branninstruks, brannvern- og beredskapsbok, sikringsplan, servicehefte på traktor og reiskapar m.m.). Men her må det gjerast ein god del meir arbeid for at alt skal vere godkjent. Ein tek sikte på at dette skal vere klart til sesongen 2026.

Dugnadsarbeid

Det er gjennomført følgjande dugnader i 2025:

- 11. mai med 17 personar.
- 15. - 17. august med 18 personar. Denne helga vart slåttent gjort.
- 26. - 28. september med 15 personar.

Statsforvaltaren/Miljødirektoratet løyvde midlar til slåttedugnaden i 2025. Dugnadsarbeidet er dokumentert i eigen rapport frå leiar for Dugnadsgruppa (sjå lenger nede).

I tillegg til slåttent av innmarka vart det utført slåttent og krattrydding på slåttemyra (Gjerdå).


Dugnadsgruppa under leiing av Terje Haugseth utførte også i 2025 eit stort og verdfullt arbeid på Ytste Skotet. Sjå også eigen rapport.

Vedlikehaldsarbeid og investeringar

Det største dugnadsjobben i 2025 var ferdigstillinga av arbeidet med reparasjon av vasshjulhuset. Dette er no ferdig restaurert heilt frå grunnen, og det er berre å slå på bordkledning på to veggjar som står att. Dette vart gjort på første dugnad i 2026.



Figur 5: Vasshjulhuset vart bygd opp att frå grunnen. Foto: Inge Bjørdal.



Figur 6: Opplæring. Foto: Inge Bjørdal.

Det vart investert i følgjande utstyr i 2025:

- Moseharv



Figur 1: Kjøkkenet. Her må det gjerast mindre justeringar. Foto: Inge Bjørdal.



Figur 4: Slåttent og krattrydding på Skotsmyra (Gjerdå). Foto: Terje Haugseth.

- Motorljåar med krattkniv
- Innkjøp av brukt utstyr med tanke på istandsetjing av smia
- Diverse småreiskapar

Restaurering av smia

Dette er det neste større prosjektet på Ytste Skotet. Det vart sendt inn søknad til Kulturminnefondet om å setje smia i stand med fullt utstyr (esse, belg, reiskapar) slik at ho kan brukast til mindre smijarnsarbeid til garden, og ikkje minst til opplæring/kurs. Svar på søknaden var ikkje på plass når denne meldinga vart skriven.



Figur 7: Illustrasjonsfoto.
Foto: Geir Leslie Bjørkelund (smed).

Heimeside – sosial media

Heimesida www.storfjordensvenner.no og Facebook vert brukt til informasjon og nyhende, m.a. er det lagt ut lenke til opptaka av *Gardar langs Storfjorden* i regi av Sunnmøre Live og informasjon om turtilboda våre.

Vi la i 2024 ut ein konkurranse om fornying av nettsida. Oppdraget gjekk til Hjelme Web (<https://www.hjelmeweb.no/>). Resultatet av arbeidet vart presentert på første styremøtet i 2025.

Oppstart av arbeidet med å innlemme materialet til FSSS sine heimsider vart påbyrja i desember 2025.

Strategiutvikling

Styret vedtok i møte 18. september 2024 å setje i gang eit prosjekt for å sjå på framtidig organisering, utvikling og finansiering av StVe, med særleg vekt på rekruttering og aktivisering av medlemmer og med mål om fornye vekst i organisasjonen. Vi fekk utarbeidd eit strategidokument (av selskapet Converto AS <https://www.converto.no/> v/Bjørn Gjerde) som skulle vere retningsgjevande for arbeidet.

Oppfølging av dette dokumentet har vore eit fast innslag på dagsorden i styremøta i 2025. Av tiltak kan vi m.a. nemne kontakt med Bygningsvernsenteret på Røros (<https://rorosmuseet.no/bygningsvernsenteret>) med tanke på å kunne sende handverkarar på opplæring her ettersom dei har kurs på mange fagfelt som er svært relevante for oss.

Vedtekter og retningsliner for arbeidsgruppene

I samband med innlemminga av Sjøfart og sjøbruk vart det naudsynt å endre vedtektene for StVe. Dette arbeidet er fullført og dei nye vedtektene vert lagde fram for årsmøtet 2026 til godkjenning.

Av same grunn er det gjort ein gjennomgang av retningslinene for arbeidet til dei ulike arbeidsgruppene (Formidlingsgruppe, Prosjektgruppe, Dugnadsgruppe, Sjøfart og sjøbruk og Driftsgruppe for Ytste Skotet). Dette vart også gjort for å få dei oppdaterte og standardiserte på same form.

«Fjordafolket» (Strandsitjarmonument) på plass

Ei eiga gruppe på sju personar (Bautanemnda/Plannemnda) har over fleire år arbeidd med planar om eit Strandsitjarmonument i Geiranger. Idéen til monumentet kom som kjent frå avdøde æresmedlem Atle Ringseth, og skal vere ein heider til folket som budde og arbeidde for føda på dei mange gardane langs Storfjorden. Monumentet fekk eit nytt namn i samband med 50-årsjubileet: «Fjordafolket».

Avdukinga skjedde under jubileet 26-28. september og vart høgtideleg utført av H. M. Dronning Sonja saman med Karl Mjelva, tre etterkomarar etter den største donoren (Jan Sjong) frå USA og to lokale ungdommar. Dette var høgdepunktet under feiringa.

Monumenta er plasserte langs gangvegen som går over elva frå Hotel Union til Norsk Fjordsenter, og står i ein trekant opparbeidd som eit parkareal.

Monumenta har fått svært rosande omtale i media og blant publikum. Det ser ut som at dette kan bli eit av dei mest aktuelle fotopunkta i Geiranger.

Kunstnaren Ola Stavseng har gjort eit framifrå arbeid her, og StVe ønskjer å gi han all mogleg ros for vel og pietetsfullt utført oppdrag.

Media - presse og synleggjering av aktiviteten til StVe

Eitt av dei viktigaste tiltaka som er gjennomførte i 2025 er vidareføring av opptaka av **Gardane langs Storfjorden** i regi av Sunnmøre Live (<https://slive.no/category/program/serier/storfjordens-venner>).

I alt er det lagt ut 6 program i 2020, 12 i 2021 og 13 i 2022, og 8 i 2023, 6 i 2024, til saman 45. StVe ønskte å vidareføre desse opptaka også i 2025, og søkte om støtte. Desse opptaka vart gjorde for å synleggjere innsatsen vår, spesielt med tanke på JUB 50, og blei difor henta frå eit representativt utval av objekt der StVe har utført restaureringsarbeid. Opptaka har gitt StVe svært mykje god publisitet og mange nye medlemmer.

Storfjordnytt, Nyss, Bygdebladet og Hellesylt.info har hatt omtalar av foreininga i ulike samanhengar:

- Storfjordstemnet 2025
- Opptaka til Sunnmøre Live

I tillegg har både Sunnmørsposten og ein del av lokalavisene hatt artiklar om konsoliderings-prosessen med lokalmusa der også Storfjordens Venner gjennom Yste Skotet har vore involverte.

Storfjordens Venner fekk brei omtale (6 s.) i *Jul på Sunnmøre* 2025.

Det er elles gjort ein svært omfattande innsats med formidling om StVe og verksemda vår i form av føredrag og kåseri med video, bilete og prat, sjå tabell nedanfor:



Figur 8: Fjordafolket.
Foto: Kjetil Relling.

Representant	For kven/stad	Tal fram-møtte (ca.)	Dato
ONH, BAK	Norsk Fjordsenter, Geiranger	60	11.02.
ONK	Lions, Stranda	30	1.04
ONH	Sunnylven pensjonistlag, Hellesylt	50	23.04
BAK	Biblioteket, Valldal	20	7.05
KOL	Rundtur arrangert av kyrkjene i Sykkylven	??	August
BAK	Geiranger, foredrag for Elinett Molde	125	10.09
BAK	Tresfjord pensjonistlag	50	25.09
KOL, HIS, INB	Orientering om StVe – Sykkylven bibliotek	20	22.10
ONH	Sunnmøre museums lag, Ålesund	100	26.10
ONH, BAK	Stranda Sogelag	80	3.11
ONH	Ålesund senioruniversitet	70	3.12

BAK : Bjørn Asgeir Kvernberg

HIS : Hilde Straumsheim

INB : Inge Bjørdal

KOL : Kjell O. Løseth

ONH : Odd Normann Hoff



Figur 9: Hoff og Kvernberg kåserer på Fjordsenteret.
Foto: Merete L. Rønneberg.

Storfjordkalenderen og jubileumboka «Med hjarte for arven»

Kalenderen er ei viktig inntektskjelde for StVe, med ei årleg ei nettoinntekt på om lag 75 000 kr. Det er framleis sal av jubileumboka «Med hjarte for arven» som kom ut i 2015, m.a. under kåseria nemnt ovanfor. Boka vert brukt som ei populær gåve frå foreininga i ulike samanhengar.

I 2024 gjorde vi vedtak om å trykkje opp ein del ekstra eksemplar for bruk til sal av pakkar til bedrifter. Dette har vi hittil diverre ikkje lukkast med.

Storfjordkalenderen er ein sær viktig kanal for informasjon om foreininga og arbeidet vårt. Kalenderen får omtale i lokalavisene.

Publikasjonen er ikkje berre ein kalender, men ei framifrå kjelde til lokalhistorie som svært mange ventar på før jul, både for eigen del og som ei flott julegåve.

Kalenderen er etterspurd og TV-serien har ført til at mange utan tilknytning til organisasjonen har bede om å få han tilsendt. Sjå elles omtale i årsmeldinga frå Formidlingsgruppa.



Figur 10: Storfjordkalenderen for 2026.

Medlemskontakt

I 2025 vart det sendt ut julehelsing til alle medlemmene. I denne vart det lagt ved eit svar-ark der ein oppmoda om å sende inn e-postadresser. Føremålet er å yte betre medlemsservice ved å kunne informere raskare og enklare om aktuelle saker i organisasjonen, t.d. kunngjering av arrangement og turtilbod. I dag er det blitt så dyrt å sende ut brev med vanleg post at vi rett og slett ikkje kan ta oss råd

til dette. Vi manglar framleis nokre e-postadresser, men har no dekning på ca. 80% av medlemmene. Vi oppmodar difor framleis om å sende oss e-postadresser slik at vi har ein mest mogleg komplett database. Med nye heimesider vil vi også vere i stand til å yte eit betre tilbod medlemstilbod.

Administrasjon

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har gjennom mange år stilt opp med kostnadsfri, administrativ hjelp for foreininga i form av ei 20% stilling til funksjonen som dagleg leiar.

Takk!

Takk til alle medarbeidarar, tillitsvalde og den einskilde medlem i StVe for interesse og aktiv støtte. Takk til alle som gir rause gåver til foreininga. Næringslivet og handelsstanden viser stor gjevarglede i form av pengestøtte, premiar for utlodning og i form av annonsar i Storfjordkalenderen. Utan denne positive støtta frå mange hald, ville arbeidet vårt blitt mykje tyngre og vanskelegare. Aktive og samarbeidsvillige grunneigarar er grunnlaget for at foreininga kan vere med å ta vare på kulturarven. Styret vil også rette stor takk til avdelingane i fylkes-kommunen og hos statsforvaltaren som vi opplever som særst interesserte i arbeidet vårt og som bidreg med mykje hjelp på mange vis.

Takk til dugnadsgruppa på Ytste Skotet som saman med leiaren Terje Haugseth gjer ein stor innsats med dugnader på garden. Takk til «Skotskontakt» Asgeir Kvernberg og Tor Einar Amdam som legg ned ein innsats med tilsyn av garden som ikkje kan vurderast høgt nok m.a. vedlikehald av flytebrygger, gardsbåt og taubane og reparasjonar av bygningar.

Stranda/Geiranger, 26.02.2026.

Inge Bjørdal

Styreleiar

Kjetil Relling

Dagleg leiar

Årsrapport 2025 frå Prosjektgruppa i Storfjordens Venner

Leiar : Odd Normann Hoff

Medlem : Asgeir Kvernberg

Medlem : Leif-Erling Løvoll

Møte i 2025:

- 12. mars – samarbeidsmøte med kultur-, landbruk- og miljøavd. i Møre og Romsdal i Molde.
- 30. juni – møte i prosjektgruppa på Stranda.
- 23. oktober – møte i prosjektgruppa i Stordalen.

Prosjektgruppa har hatt jamlege orienteringar / diskusjonar gjennom arbeidsåret pr. telefon. I tillegg behandlar vi aktuelle saker når vi møtest i samband med synfaringar, klargjeringar, flygingar og annan transport til dei ulike prosjekta.

- 11. desember – møte/ årsavslutning med handverkarane vi nyttar på prosjekta, på Nilsgardstunet i Stordalen.

I tillegg møter leiar for prosjektgruppa på styremøta i Storfjordens Venner. Leiaren i Storfjordens Venner – Inge Bjørdal – møter på møta i prosjektgruppa.

Prosjekt i 2025

OSPAHJELLEN (HJELLEN), STOVEHUS

Prosjektleiar : Asgeir Kvernberg

Ansvarleg handverkar : Per Kjell Holtleite

Eigarar : Sindre og Norleif Aspehjell

Prosjektperiode : 2025

Kostnadsoverslag : **291 300** kr, inkl. dugnad 27 300 kr

Vi søkte om 204 000 kr i verdsarvmidlar frå Riksantikvaren / Møre og Romsdal fylke og vi fekk 200 000 kr i 2024 og tilleggsløyving 10 000 kr i 2025, totalt 210 00 kr. Prosjektet var utsett frå 2024 til 2025.

Arbeidet på Hjellen vart gjennomført etter planen i juli 2025. Bakre laftevegg var lafta opp med nytt tømmer. Vindauge og kledning ute og inne vart sette på plass. Restebeløp 47 500 kr og ekstraløyving frå Riksantikvaren (verdsarvmidlar) 10 000 kr blei brukte til ark på løa og restaurering av vindauge på Neset, Ospahjellen, totalt kr 56 921 kr. Total prosjektkostnad er 209 414 kr.

YTSTE-SMOGE, NYSTOVE

Prosjektleiar : Odd Normann Hoff

Ansvarleg handverkar : Kåre Løvoll

Eigar : Lars Kjell Smoge

Prosjektperiode : 2025-2026

Kostnadsoverslag : **1 238 963** kr inkl. dugnad 130 000 kr

Vi har søkt om og fått innvilga 1 050 000 kr i verdsarvmidlar frå Riksantikvaren / Møre og Romsdal fylke og 40 000 kr («Ta et tak») frå Norsk Kulturarv. Arbeidet starta i juni 2025 då huset vart demontert og floge med helikopter til Stranda, før det vart transportert vidare til Volda. Der har Byggtrad Løvoll starta arbeidet med å reparere skadd tømmer. Til no er det brukt 197 527 kr på prosjektet. Arbeidet held fram i 2026.

MATVIKA, KAI, STEINVÔR

Prosjektleder	: Asgeir Kvernberg
Ansvarleg handverkar	: Torgeir Erdal
Eigarar	: Rigmor, Nils Roger, Vigdis og Per Jarle Matvik
Prosjektperiode	: 2025-2026
Kostnadsoverslag	: 674 000 kr, inkl. dugnad 125 000 kr.

Vi har søkt om og fått innvilga 415 000 kr i verdsarvmidlar frå Riksantikvaren / Møre og Romsdal fylke. I 2026 har vi søkt om 178 500 kr. Arbeidet starta i august 2025 då vi transporterte stein og starta oppbygginga v steinvôren/moloen. Kostnad i 2025: 189 000 kr.

Arbeidet held fram i 2026.

[Planlagde prosjekt 2026 →](#)

YTSTE-SMOGE, OMLEGGING AV SKIFERTAK, REPARASJON AV PIPE m.m.

Prosjektleder	: Odd Normann Hoff
Ansvarleg handverkar	: Kåre Løvoll
Eigar	: Lars Kjell Smoge
Prosjektperiode	: 2026-2027
Kostnadsoverslag	: 905 055 kr, inkl. dugnad 73 500 kr

Vi har søkt om 770 000 kr i verdsarvmidlar frå Riksantikvaren/Møre og Romsdal fylke og søkt og fått innvilga 40 000 kr («Ta et tak») frå Norsk Kulturarv.

DJUPDALEN, ILANDSTIGINGS- OG RÅSUTBETRING M.M.

Prosjektleder	: Leif-Erling Løvoll
Ansvarleg handverkar	: Per Kjell Holtleite
Eigarar	: Stine, Joakim og Mathias Fivelstad
Prosjektperiode	: Frå 2025 -

Dei noverande eigarane tok over eigedommen då faren, Johan Steffen Fivelstad, døyde i 2018.

Arvingane har vist stor interesse for å vidareføre restaureringsarbeidet faren med hjelp frå Storfjordens Venner gjennomførte i perioden 2017-2019. Då vart hus og naust sette i stand.

I 2025 er følgjande tiltak prosjekterte:

- Utbetring av ilandstigings- og fortøyingstilhøva
- Sikring av den vanskelege sjøvegen
- Nye dekke og rekkverk på dei to bruene
- Ny taubane direkte opp til garden (til erstatning for dei to gamle som begge er ute av drift)
- Reparasjon av murane ved den øvste brua der elva har grave ut elvebardane
- Reparasjon av løemurane der dei er i ferd med å gli ut

Ein vil starte med å få gjort tiltak ved fjorden og prøve å få på plass taubana. Dette håper ein få å gjennomført i 2026 og 2027.

Dette prosjektet vert finansiert av eigarane, men dei er avhengige av på få ein del støtte.

Storfjordens Venner vil hjelpe eigarane med den praktiske gjennomføringa, og ved. ev. søknad kunne gi ev. material- og transportstøtte etter foreininga sine retningslinjer.

Planlagde prosjekt 2027 →

HORVADRAGET, STOVEHUS

Prosjektleder	: Leif-Erling Løvoll
Ansvarleg handverkar	: Kåre Løvoll
Eigarar	: Rolf Matvik og Rigmor, Nils Roger, Vigdis og Per Jarle Matvik
Prosjektperiode	: 2027-2028
Kostnadsoverslag	: -

SMOGELIA, NAUST

Prosjektleder	: Asgeir Kvernberg
Ansvarleg handverkar	: Per Kjell Holtleite ?
Eigar	: John Inge Smoge
Prosjektperiode	: 2027 →
Kostnadsoverslag	: -

FURNESET, SJØVEGEN

Prosjektleder	: Odd Normann Hoff
Ansvarleg handverkar	: ?
Eigarar	: For dei tre partane: Trond Tryggestad
Prosjektperiode	: 2027

STORFJORDENS VENNER – NOTID OG FRAMTID

Prosjektgruppa har drøfta det framtidige vølings- og vedlikehaldet av bygningar og kulturlandskap – innanfor verdsarvområdet og utanfor.

Kanskje ein nærmar seg ei periode med færre store vølingsprosjekt, og at ein må bruke meir av krefter og ressursar på det årlege vedlikehaldet og attgroingsproblema, jf. notat av 30. oktober 2015 – Storfjordens Venner – notid og framtid.

Dette vart nok ein gong tatt opp på møtet med Kulturavdelinga, Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga 12. mars, 2025.

Prosjektgruppa takkar for godt samarbeid med eigarane ved dei ulike prosjekta, med dyktige handverkarar, med Kulturavdelinga i fylket, og med Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen.

Gruppa ser fram til ny arbeidsøkt for kulturvern i Storfjorden.

Stranda/Ørskog/Sykkylven, 26. februar 2026.

Odd Normann Hoff

Asgeir Kvernberg

Leif-Erling Løvoll

Leiar i prosjektgruppa

Medlemmer i prosjektgruppa

Årsrapport 2025 – Arbeidsgruppe for formidlingsarbeid (Formidlingsgruppa)

Formidlingsgruppa (FG) er ei fast gruppe i Storfjordens Venner (StVe) med føremål å samle, arkivere dokumentasjon - og fortelje om det arbeidet foreininga gjer og den historiske arven foreininga tek vare på.

Den har i 2025 hatt følgjande medlemmer:

- Mette Marie Døving
- Odd Normann Hoff
- Kjell Ole Løseth
- Håvard Ketil Sporsheim
- Bjørn Steinar Skarbø, leiar
- Asgeir Kvernberg har vore tilknytt gruppa ettersom han er redaktør for Storfjordkalenderen

Leiar eller medlemmer i gruppa har delteke på styremøta i Storfjordens Venner som observatør.

Gruppa har arbeidd dels kvar for seg og i samarbeid og halde kontakt via E-post, telefon og møte seg imellom.

Aktiviteten i 2025 har vore noko redusert ettersom «Jubileumsnemnda Storfjordens Venner 50 år» har gjennomført svært mange formidlingstiltak i jubileumsåret på fyrsteklasses vis. Kjell Ole Løseth har representert Formidlingsgruppa i Jubileumsnemnda.



Framsida av 2026-kalenderen med bilde av garden Røneset. Foto: Asgeir Kvernberg.

Gruppa har i 2025 arbeidd med følgjande oppgåver:

- Utgjeving og sal av Storfjordkalenderen 2026
- Medverka til produksjon av TV-program saman med Sunnmøre Live.
- Føredrag om StVe
- Kjell Ole Løseth har representert Formidlingsgruppa i Jubileumsnemnda for Storfjordens Venner 50 år i 2025.

Storfjordkalenderen 2026

I samarbeid med Språksmia i Valldal vart kalenderen for 2026 produsert etter malen utvikla for kalenderen 2019. Asgeir Kvernberg var også denne gongen redaktør for kalenderen i samarbeid med Håvard Ketil Sporsheim, som skal overta som redaktør.

Sal av- og tilbakemeldingar om kalenderen har så langt vi har registrert, vore godt og gode – også dette året, men ein har enno ikkje det endelege salstalet klart då ein enno ikkje har henta inn kalendrar til overs på alle utsalsstadane.

Kalendersalet saman med annonsesal gjev framleis eit røsleg bidrag til foreiningas arbeid. Ikkje minst med hjelp av styremedlemmer som bidreg med annonsesal. Følgjande bidrog med tekst og/eller foto i 2025-kalenderen:

Hegelin Waldal, Arne Solli, Hilde Straumsheim, Tor Myklebust, Jon Slyngstad, Arne Ringdal, Odd Normann Hoff, Harald Kjølås med ein artikkel frå tidlegare kalender, Johan Weiberg Gulliksen, Eli Synnøve Vidhammer, Tina Bjørnevik, Inge Bjørdal, Rønnaug Indreeide, Nils Roger Matvik, Thomas Remvik Aasen, Normanns kunstforlag, Henriksen & Steen, Nils Ragnar Åkernes, Stranda Sogelag, Jørgen Strand, Terje Haugseth, Merete Løvoll Rønneberg, Kari Bigum Kvernberg, Liv Anette Luane, Anders Kvernberg og Hyke Studio.

Utstillinga om Storfjordens Venner

Denne vart tillaga i 2019, avduka i 2020 og stod utstilt på Fjordsenteret i Geiranger det året og i 2021. I 2022 stod den utstilt i Storfjord Kulturhus på Stranda og i 2023 i «Barkeriet» ved «Dyrkornanleggene» på Dyrkorn.

Hausten 2023 vart utstillinga flytta til Liabygda og lagra der. Ho har ikkje vore utstilt i 2025.



Utsnitt av utstillinga utarbeidd av Verdsarvsenteret i samarbeid med Storfjordens Venner. Ho har ikkje vore utstilt dette året, men står lagra i Liabygda. Foto: Bjørn Steinar Skarbø.

Samarbeidet med «TV Sunnmøre»

Samarbeidet resulterte også i 2025 i ein serie program frå ulike gardar i Storfjorden; til liks med 2020, 2021, 2022, 2023 og 2024. Desse skal visast i sendingar på «Sunnmøre live» og samarbeidande fjernsynsstasjonar andre plassar i landet etter at dette er skrive.

Foreininga søkte om - og fekk midlar frå Møre og Romsdal fylke og støttemidlar frå Hofseth Aqua og Kulturminnefondet - pluss at foreininga skaut inn midlar både i form av egne midlar og dugnadsinnsats.

Frå Formidlingsgruppa medverka Odd Normann Hoff, Kjell Løseth, Asgeir Kvernberg og Inge Bjørdal både med organisering, transport, som medhjelparar og ikkje minst medverkande. Elles medverka personar med tilknytning til dei ulike gardane. Mellom desse fleire som hadde budd der.

Ein finn programma på følgjande adresse:

<https://slive.no/category/program/serier/storfjordens-venner>



20

Frå venstre: Odd Normann, Kjell og Asgeir har medverka i dei mange programma som er laga av Sunnmøre Live om Gardane langs Storfjorden. Her fotografert under eit intervju med Frank Sekkesæter i Sunnmøre Live der dei fortalde vist (og litt gale) frå sine engasjement i Storfjordens Venner. Skjermdump frå TV Sunnmøre.

Foredrag

Medlemmer i gruppa – i hovudsak Odd Normann Hoff, Kjell Løseth og Asgeir Kvernberg har elles halde fleire foredrag med foto for ulike forsamlingar og dels følgt med som fagkunnige på turar for ulike grupper i foreiningas område. Inntrykket er at dei som på denne måten vert gjort kjende med foreininga, blir svært imponert over den innsatsen som er lagt ned gjennom dei 50 åra (og vel så det) foreininga har verka. Fleire turar er på trappene, og dei tre er innstilte på å ta på seg fleire slike oppdrag framover.

Sunnmøre i februar 2026
Formidlingsgruppa i Storfjordens Venner

Mette Marie Døving, Odd Normann Hoff, Asgeir Kvernberg, Kjell Løseth,
Håvard Ketil Sporsheim og Bjørn Steinar Skarbø.

Årsrapport 2025 – Dugnadsgruppa Ytste Skotet

Dette året har det vore tre dugnadar:

- 9. til 11. mai med 17 personar.
- 15. til 17. august med 18 personar. Denne helga vart slåtten gjort.
- 26. til 28. september med 15 personar.

Vi har såleis hatt godt oppmøte på alle dugnadane, og vore heldige med vêret. Utover dette har mannskap frå dugnadsgruppa stilt ved ymse behov.

Vasshjul og vasshjulhus

Vasshjulet og vasshjulhuset var det store prosjektet dette året.



Det er mura opp nytt fundament, skifta ut ein god del treverk og lagt på nytt never- og torvtak. Det som står att er bordkledning og litt tilpassingar. Det skal bli klart for prøvekøyring første dugnaden i 2026.



Brygge

Brygga er i dårleg stand, så det måtte setjast i gong eit tiltak for å sikre den. Dette er berre ei førebels sikring fram til det vert bestemt kva som skal gjerast vidare. Det er rasa ut nokre store steinar ned i nauststøa, og desse må også fjernast til neste sesong.



Steingardar

Ein gammal nettinggard som var til nedfalls er plukka ned.

Rydding på låven

Alt høyet inne på låven er fjerna, og låven kosta og rydda. Takrenner på ein del av låa er montert.

Flaggstong

Flaggstonga fekk eit strøk til med måling, og er teken ned og lagt inn på låven for vinteren.

Vedlikehaldsarbeid

Sørvis og vedlikehald på traktor, slåmaskiner, beitepussar m.m. er utført.

Slått

Alt av innmark er slege, og graset raka og frakta vekk. På ein del av nedste flata der det er store moseproblem, er det brukt beitepussar.



Myrslåtten er utført i samsvar til skjøtselsplan. Det er og fjerna ein del renningar på torvtaka til dei to høyløene på myra.



Klargjering for sesong og vinter

På vårdugnaden vart hus og tun gjort klar for sesongen. På siste dugnaden i september vart brønn og vassrøyr tømt, og hus, stabbur og løe gjort vinterklart.

Det er problem med mykje mus og røyskatt som tek seg inn i huset om vinteren, og vi veit ikkje heilt korleis dette problemet skal løysast.

Investeringar

Moseharv vart innkjøpt på slutten av året, og den må bli frakta til Skotet med helikopter ved høve.

Søknader

Der er søkt om støtte frå Kulturminnefondet til istandsetjing av smia (2026-2027).

Det er søkt til Miljødirektoratet for tilskot (2026) til (1) slåttedugnad, innmark, (2) slått av myra og (3) tiltak for å sikre førekomstane av solblom.

Terje Haugseth
dugnadsleiar